

A black and white studio portrait of Gjermund Haugen. He is a young man with dark hair, wearing a dark suit jacket over a light-colored shirt with a plaid tie. He is holding a long, ornate instrument, possibly a bowed psaltery or a decorated guitar, in front of him. The instrument has intricate carvings and a decorative headstock. The background is a plain, light color.

GJERMUND HAUGEN

Drøymaren

The logo of the Norwegian Broadcasting Corporation (NRK), consisting of a white circle with the letters "NRK" in a bold, black, sans-serif font.



Første gongen Gjermund spelte i ei kyrkje var i Heddal stavkyrkje i 1956. Fotograf ukjent, utlånt av Gunnar Haugen.

GJERMUND HAUGEN (1914–1976)

Gjermund vart født på Notodden den 7. november 1914 og døde 25. september 1976. Han var av spelemannsslekt og byrja spela i 13 års alderen. Han lært først av faren, seinare av Svein Løndal, Torkjell Haugerud og Johannes og Gunnar Dahle.

I lynne og framføring la han seg etter Fykerud-spelet. Gjermund debuterte på kappleik i 1928, og her fekk fjortenåringen omframtpremie. Men fleire som var til stades såg talentet og oppmora han til å halde fram. Frå 1931 var han med på utalige kappleikar og er den spelemannen på hardingfele som har vunne flest landskappleikar. Han har Myllagutmedalja i sølv og gull. Fykerudpris og Festspillprisen frå Bergen.

Gjermund levde av musikken, han fekk Statens Kunstrarløn og andre stønader.

Det finst 70 opptak med Gjermund i NRK sitt arkiv. I tillegg ein del private opptak. Det vart gjeve ut tre 78-plater med musikken hans ved sida av at Buen Kulturverkstad ga ut ein kassett i 1985 «Gjermund Haugen – hardingfele».

Slåttekunna hans var nok ikkje svært stor samanlikna med andre, men dei han hadde spela han svært godt. Særleg kjende er dei sjøllaga slåttane «Tjørneblomen» og «Huldremøyane dansar».

To gonger spelte han på Festspillene i Bergen. Desse oppdragta sette han svært høgt, det høvde konsertspelemannen Gjermund Haugen. Her fekk han ytt sitt beste i kunstrarlege omgjevnader.

Kappleiksena ga han spesielle utfordringer som han elskar. Det same må seiast om konsertlokalet. Og til flere som var til stades til betre lika han seg. Han var og av dei første som nyttet fele i kyrkja. Da førté han kjende salmetonar over på fela. Han var svært byrg av det å ha spela i kyrkja. Elles hadde han fleire konserturnear både her til lands, men og i Sverige og Danmark samt i England og Skottland.

MØTE MED MEISTAREN

Ein dag på etterwinteren 1972 tok eg mot til meg og gjekk bakkane opp frå Tinnesmoen og opp til huset i Anundskås, der Gjermund Haugen budde. Eg kjende han av omtale, han var omtykt i Numedal, og mange kjende han godt. Han budde fleire gonger på Bekkjorden hjå Tov og Vigild Haukjem. Tov fortalte mykje om Gjermund, og rosa han som spelemann. Av Tov lærde han springaren Tommerkjøren.

Men altså 1972, det var fyrste året mitt på lærarskulen. Eg hadde sett Gjermund i byen og ville gjerne vitja han. Og der sto eg framfor døra og banka på. Døra opna seg sakte, og etter helsingar og presentasjon, sa meisteren: «Du får no sjå å koma inn». Inn på kjøkenet, sparsomt, men hensiktsmessig. Ryddig og reint, men ungkarssmessig. Ikkje mykje pynt, ikkje blomar.

«Det er no slik eg har det etter mor vart borte», unnskyldte han seg. Det var heilt i orden for meg, eg tykte eg kom inn i ein katedral. Det hekk ei musikalsk forventning i lufta, ei forventning som vart utløyst først når han etterkvart tok fram fela og spela ein liten dansespringar. Det eg

hugsar av inventaret i stugo er ei kiste med eit plagg over loket, og eit bilet av ein ung spelemann på veggen. Og så ei klukke ein eller annan stad som tikka rytmisk og heldt oss i tida.

Og sjølsagt feleskrina på bordet. Meistaren tok fram ei og ei, forklara og kytte. Olaf Helland alle.

«Så du er spelemann du?» Vel, eg hadde fele og kunne noko, men å kalle seg spelemann her i denne katedralen, umogleg.

«Kjenner du meg ikkje?» spurte han da eg peika på fotografiet på veggen. «Eg var 19 år den gongen og fotografen ville ha fram det drøy-mande blikket i augo mine». Sjølsagt var det han, sjøveseg, i 1933, tre år før han vann fyrste landskappleiken.

Etterkvart gjekk han bort til kista, opna loket og tok fram noko i eit kvitt klede – kongepokalen. Byrg fortalte han om dei to nappa dei hadde kvar, han og Eivind Mo, og like byrg fortalte han om kappleiken der pokalen vart hans. Eit avgjort høgdepunkt i karriera. Og det kom tydeleg fram at han hadde stor respekt for Eivind Mo.

Kappleikscena og konsertsalen var Gjermund sine arenaer. Han elskar det å kunne la fela tale, han elskar det å kunne formidle nett det drøy-mande, det vare, det romantiske. Her sto han over alle andre. Her er Gjermund Haugen eit folkesmikkens svar på Ludvig van Beethoven. Beethoven som løfta musikken frå handverket i klassisismen til romantik-ken. Beethoven er rekna for den første kunstnaren. Det same med Gjermund som torde gå med alpeluva og kvite hanskene. Han visste folk snakka om han slik, men han lika det. I dag ville ein sagt at han «freaka» ut. Eg hørde mange i miljøet gjera narr av Gjermund for alpeluva og dei kvite hanskene, for meg vart han enda større av det. Tenk det motet, den sjølvkjensla!

I 1973 skipa leikringen på lærarskulen til ein konsert med Gjermund og Sigbjørn B. Osa. Store greier det. Begge skulle halde konsert for studentar og lærarar på dagtid, og så skulle det vera open konsert om kvelden. Sigbjørn budde hjå Gjermund og eg fekk i oppdrag å køyre karana til og frå.

Da eg kom for å hente dei til kveldskonserten fekk eg ei musikalsk oppleveling eg aldri kjem til å gløyme. Det fløynde felemusikk og huset og ut på tråkken, eg gjekk rett inn, for ingen svara da eg banka på.

Der inne i stuga gjekk dei to kultane og spelte Håvard Heddevaisen. Saman, men også på eit vis kvar for seg, i kvar si verd. Sigbjørn la på understemmer og Gjermund ga alt i det vare. Ingen ensa at eg kom inn. Dei fullførte og forklara at denne valsen hadde dei laga saman ein gong. Sigbjørn viste meg nokre tvigrep der som ikkje er så vanleg, eg følte eg lærdene valsen den gongen.

I konserten fekk vi møte to helt ulike personlegdommar. Begge scenede, begge med formidlingsvegne. Men likevel heilt ulike.

Så vart det feleksjon på Tinnemoen skule – vi var rett mange som fekk einetimar med Gjermund. Eg hugsar eg skulle lære Gvannesen, ein gangar. Gjermund hadde nokre fantastiske strøk i denne gangaren og eg uttrykte: «Dessse strøka dine her, dei kjem eg aldri til å få til». – «Nei, det kan nok hende det», var svaret.

Det vart fleire besøk i Anundskås. Ein sundag eg var der vart han uroleg. Han hadde for seg at han måtte vera stille når kyrkjeklukkene slo. Han trudde det fanst maktir vi ikkje rådde over. Det var ikkje heilt



Sigbjørn Bernhoft Osa og Gjermund Haugen. Gode vene gjennom eit langt spelemannsliv. Truleg 1948.
Foto ukjent, utlånt av Eivind Bakka.

fritt for anna enn at han var heimsøkt av slike maktir i heimen, kunne han fortelja. I slike høve da han vart fjern og tenksam høyrdest enda betre astmaen som prega stemma hans.

Han fortalte at han ofte var på vitjing hjå nokon på motsatt side av dalen, på Sætresida. Da, når kjørkjeklukkun ringde måtte han ut og sjå heimatt at alt var vel med mor som var aleine heime.

Han tala mykje om mor, ho sto høgt for han. «Alt vart forandra da mor gjekk bort», sa han ofte.

Gjermund fortalte at astmaen hadde frårøva han mykje i livet. Det var mangt han kunne ynskt seg sa han, som han måtte forsake. Og det er fortalt av jamnaldringar av Gjermund at med ungane var ute og leika sat Gjermund inne og spela. Dei kunne høre musikken fløyme ut or glaset på rommet der han sat.

Eg vil seia at eg vart ven med Gjermund desse åra. Det høvde alltid når eg kom, men han spela ikkje mykje, sume gonger kom det nokre drag, andre gonger fleire slåttar, men det vart liksom aldri mykje av det. Ein person var nok for snatt publikum for meistaren.

Våren 1974 da han budde seg til Festspela i Bergen vart spesiell. Han skulle spela slåttar or «Norske slåtter» av Grieg, saman med Einar

Steen-Nøkleberg. Myllargutens bruremarsj vart ei utfordring. Forma til Knut Dahle skulle brukast og den fanst på pathéfon. Han fekk tak i eit monstrum av ein avspelar. Eg hugsar han sette hovudet ned i den store tuten, for lyden var svak. Eg syntes det var rart å sjå meistaren i den posituren. Kvitt skjorte som alltid, sælar på buksa som eingong hadde vorte for lita, for einkvan hadde sydd inn ein kile bak i linninga – det synet av ein konsentrert og lyttande meister er ikkje lett å gløyme.

Brått dukka han fram att or tuten med eit nytt tak, over på fela, rista på skallin og ned att i tuten. Til slutt sat alt. Meistaren var nøgd og eg fekk lære denne forma.

Men så skulle han spela inn repertoaren sitt og sende frå seg, truleg til pianisten. Men da sleit han følt. Han fann ikkje lydutstyr som var godt nok, eit utstyr som gav lydbiletet han lika. Han var stadig nede i byen og fekk nye bandspelarar på prøve. Ein gong kjørde eg han og var med inn i butikken. Da var han i ulag og irritert ga han skulda på ekspeditøren og utbraut: «Det høres ut som det er smør på bandet».

Siste gongen eg såg Gjermund Haugen var på Landskappleiken i Bø i 1975.

/Even Tråen

KONSERT

Hardingfele-spelaren

Gjermund Haugen

dag kl.

V I T N E M Å L :

Fylgjande tilnemål er gitt av musikerne spesieltimene: Stig O. Øgren, Kristian Bremnes, og Lars H. Hansen fra Fana Pykkel, Sandefjord, hvor til Lys Fyrstasjon.

«Har flere ganger hatt både til å hevja og noga gjærtre Gjennom Basen fra Nostalgia spesielt hardingebile. Tross i sine mange år har han forlengt kverne alle tekniske vanskår og har stort haglekjel med både fleng og toge. Hjemmen kling rein og mykk fra strøgen og han el i sin del også og ei ro ypper tilstilt som ein kan minnma han. Han er lytthar og visst å fram deit sermerkje ved slåttane. Sånn som olakar vår nærmeste musikk vil ha glede av å høra han».

Frøslev herred, 28. oktober 1905.
Tegn. G. Børup.

Gjermund Haugen er en hardangerfiolinist av høy klasse med en lang fremstreden teknikk og en særlig fin blæsting. Desumt er han i besidelse av et godt forstås for den nasjonale musikken. Spiller rødt, vakkert og med en fin følelse. I alle dele en fialinist det er en stor gleder å høre.

at adden, November 1836.

P R E S S E U T T A L E L S E R :

Etter ei spredd i Hallingdal gjøyer den denne prømeningen:
et olje drør har Hallingdal brøft av sin mesterpelmen, Gjermund Han-
sen, fra Nore og Uvdal. Lemdag den 17. dekk han konsern på Falckan i
Dess ved Nore. Han var født i 1870 i Nore og vokste opp der. Han ble
medlem i det lokale arbeiderpartiet i 1890-åra. Han var også med i
festa fela han Gjermund; da dette vidunderligst målet sitt – det slikekjøk fog-
ganar styrke strengere, og tenner fikseare – skyttarbe og reine nære og
være i landet. Han var også med i arbeidet med å få til en skole i Nore, og
med i det med å bygge i høstet og børr verret av at deira måte heile. Men det ble
ikke gjort. Han var også med i arbeidet med å få til en skole i Nore, og
Gjermund var ført herpå som en stor her i her hord.

En komme godla kalla Gjermund for den nøy Myllarguten, og det skal vort-
rat å fylgia den nøy kastunnen på frø og han – fram mot dei vriet Englands

Gjermund Haugen deltok i den norske musikkakademiet i Oslo. «Gjermund Haugen spilte et par slætter på hårdfingefleksjonstrumentet, som egner seg bedre enn noe annet til å framstille musikk. Haugen er en veldig kunstner som foretikker å spille slætter i den mest fordelaktige betydning.

Journal of Health Politics, Policy and Law, Vol. 38, No. 4, December 2013
DOI 10.1215/03616878-38-4 © 2013 by The University of Chicago

Landsskappleiken på Voss 1947:

He er freista verkskild å nema virtusen, meibæren over alle meistre på handlingsleik i dag — Gjermund Haugen fra Telemark. Han må vere ein Myllargut i styrke, i mithånd, i fykte, i variasjon, i teknikk er både spel og spesialmessige framste framme ennek annan. Difor vil hellar ikke handlaup og føltskjøring ta enda han skalta. Måte han ha heise og kraft å setja kveik i handlingsfølelet or meideneinne. Han hev noko å zile alle.

Inngangspenger kr. —



Personalia Gjermund Haugen byrja spelð 15 á gamal, 15 á gamal deiltök han fyrste gang þa kappaleik og fekk sín skattpremie, 15 á gamal spela han fyrste gang þa Lannsíðapleiki. Þer var barei ek til. Hann fekk dá ein ekstrapremie, 18 á gamal vann haa Þykkurdepokalaens.

Fra Telenor Ungdomslag sine østege fylkes-stemmer, har han teke lite po, frå han var 16 år. Like eins ein 3-års vandringspokal, og følgjande medaljer:

KONGEPOKALEN TIL ØDEI OG EIGE

i 1949 etter å ha vunnet dem i 2 år, i testvign blant landets beste spilleremester.

Mildest daranans som har gjevne han l. pr. medalljene og kongepokalen er spilleremesteren Torbjørn Haugen — Gunnar Hauge — Eirikur Mo — Erlind Grøven, Telemark, kapellmesteren Olav Kjelstad — Arne Rjedland, Bergen — Olav Moe, N. Ø. Radli, Ytrehus — Sigbjørn Osa, Voss — Henrik Gjellestad og Dr. O. M. Sandvik, Oslo.

S S E U T T A L E L S E R :

Gjernum tala dette vildunderlige målet sitt — det vilkommne fugle
ett strengere, å temme fløymer — svylke reise og reise mārt sare og
mārt til det over i gleda og kvervar seg los i en hekkesod, so da
dåmen i haben og berre ventar at dette må leiste. Men del brent aler,
fører bogen — så kan berre den spela som har fått givnade av
vilet liret han ferstil om i spela sitt — liret i grå — og liret i
grå det på sin māze som ingen fyr har høyrd.

L O K E .

men mest fordelaktige betydnings.
Thorleif Eiken i Morgenposten.

Leiken på Voss 1947:

Det var svært til nærmest virksomt, medstørst over alle mestreisene på dag - Gjennem Haug fra Tønsberg. Han må vise sin Myllarguttag, i tyde, i variation, i teknikk er både spesiell og spennende. Etter alle heller ikke handlings- og fortissimo-spillene. Man har lenge haft behov og kraft å utøya kveik i harding-spelene. Han har, noko å si, alltid

Personalia

Personalia Gjermund Haugen byrja spela 12 år gammal. 13 år gammal deltok han fyrste gong på kappleik og fekk ein ekstrapremie. 13 år gammal spela han fyrste gong på Landskappleik. Der var bare ei kl. Han fekk då ein ekstrapremie. 16 år gammal vann han «Fykerudpokalen».

I alt har han over 70 premiar. Av desse er over 60 1ste fyrstepremiar.

Fra Telemark Ungdomslag sine årlege fylkes-stemnor, har han teke 1ste pr. frå han var 16 år. Like eins ein 3-års vandre-pokal, og følgjande medaljer:

Myllargutmedalja i sylv, 22 år gl. Myllargut-
medalja i gull (meisterskapsmedalje) 33 år gl.

Frå Landskapappleikane har han bare 1ste pr. både i yngste og eldste kl. Ekstrapremie i Oslo i 1948, og

KONGEPOKALEN TIL ODEL OG EIGE

i 1949 etter å ha vunne den i 3 år, i tevling blant landets beste spelemenn.

Millem domarane som har gjeve han 1. pr., medaljene og kongepokalen — er spelemennene Torkjell Haugerud — Gunnuli Borgen — Eivind Mo — Eivind Groven, Telemark, kapellmeister Olav Kielland — Arne Bjørndal, Bergen — Olav Moe, K. Ø. Rud Valdres — Sigrbjørn Osa, Voss — Henrik Gjellesvik og Dr. O. M Sandvik, Oslo.

V I T N E M Å L :

Fylgjande vitnemål er gjeye av meisterspelemennane Truls G. Ørpen, Krødshe-rad, og norsk-amerikaneren Hans Fyke-rud, Sauherad, bror til Lars Fykerud:

«Eg har fleire gonger hatt høye til å høyra den unge gáverike Gjermund Haugen frå Notodden spela hardingfele. Trass i sine unge år har han for lengst komme yver alle tekniske vanskår og har stor hagleik både med fingerar og boge. Tonen kling rein og mjuk frå strengen og han eig ein stóleik og ei ro yver spelet sitt som ein kan misunna han. Han er lyrisk og veit å få fram det sermerkte ved sláttane. Alle som elskar vår nasjonale musikk vil ha glede av å høyra han».

Krødshe rad, 28. oktober 1935.

Truls G. Ørpen.

«Gjermund Haugen er en hardangerfiolinist av høy klasse med en langt frem-skreden teknikk og en særdeles fin bue-føring. Dessuten er han i besiddelse av et godt øre for den nasjonale musikk. Spiller rent, vakkert og med en fin følelse. I alle dele en fiolinist det er en stor glede å høre».

Notodden, november 1936.

Hans H. Fykerud.

P R E S S E U T T A L E L S E R :

Etter ei spelferd i Hallingdal gjengjev me denne pressemeldinga:

«I desse dagar har Hallingdal besök av ein ung meisterspelemann, Gjermund Haugen, frå Notodden. Laurdag den 27. ds. hadde han konsert på Folkvang i Stavn. Det var stuvande fullt hus til konserten og veldig jubel. Folk satt som fortrolla, mens fela hans Gjermund tala dette vidunderlige målet sitt — dei silkemjuke fingrane dansar yver strengene og tonane fløymer — sylvkjære og reine snart såre og lengtande — snart flyt dei over i glede og kværvar seg inn i ein heksedans, so du sitt der med anden i halsen og berre ventar at dette må briske. Men det brest aldri, når Gjermund fører bogen — slik kan berre den spela som hev fått givnaden av Guð. Det er sjølvet livet han fortel om i spelet sitt — livet i gråt — og livet i glede, og han fortel det på ein måte som ingen fyr hev høyrd.

Ein kunne godt kalla Gjermund for den nye Myllargutten og det skal verta rart å fylgja den unge kunstnaren på ferdi hans — fram mot dei store høgder».

Stavn, den 2. mars 1937.

L O K E ».

Gjermund Haugen deltok i den norske musikkuke i Oslo 3. oktober 1945.

«Gjermund Haugen spilte et par sláttar på hardingfele dette vårt typiske na-sjonalinstrument, som egner seg bedre enn noe annet til å tolke vår verdifulle sláttamusikk. Haugen er en virkelig kunstner som forstår å sette de eiendomme-lige sláttar i den mest fordelaktige belysning».

Thorleif Eiken i Morgenposten.

Landskappleiken på Voss 1947:

Me er freista serskild å nemne virtuosen, meistraren over alle meistrar på hardingfele i dag — Gjermund Haugen frå Telemark. Han må vere ein Myllargut! I styrke, i mildskap, i fylde, i variasjon, i teknikk er både spelet og spelemannen lengre framme enn nokon annan. Difor ville heller ikkje handklapp og fottramp ta ende då han slutta. Mátte han lenge ha helse og kraft å setja kveik i harding-felespelet og spelemennene. Han hev noko å gje alle.

SLÅTTEOMTALE

Når ein skal presentera slåttar med Gjermund Haugen, så skal ein ha i tankane at det står ein eigen glans rundt namnet til denne meisteren på hardingfele. Meir enn dei fleste så hadde Gjermund evner til å røra ved det innerste i hjarta til folk. Det var det mjuke og fløymande ved spelet som grep tilhøyrarane. Det var det at Gjermund la sitt personlege i spelet som fengde lydarane, og han makta å yta det aller beste når han stod på scena.

01. **Markensmåndagen, springar** (1948)

Slåtten fører tankane våre tilbake til Kongsbergmarken og marknads-spel. Der var det mange spelemenn innom og ein av dei mest særmerkte var Lars Fykerud (1860–1902). Mange av slåttane etter han krev stor teknisk tame, er rike på ornamentikk og utbroderingar. Slik sett passar denne slåtten også Gjermund Haugen sitt spel, og han har einskilde framføringer som går over i historia som særmerkte.

02. **Fossegrimen, gangar** (1948)

Gangaren Fossegrimen, i 2/4-takt, er ein slått som for det meste finst i Telemark. Men det er også notert variantar i Hordaland, Setesdal og Numedal. Slåtten vert rekna som ein vandreslått.

Både Myllarguten og Håvard Gibøen hadde slåtten på repertoaret sitt, og Knut Johannesson Dahle (1834–1921) spela begge formene. Ein teori er at slåtten kan ha sitt opphav vestantil og at Knut Lurås (1782–1843) tok han med seg austover etter at spelferder der borte. Like truleg kan det vera at slåtten har utspring i Telemark; kanskje etter Jon Kjos (1754–1826), eller Jon Vestafé, som han vart kalla. Dei fleste variantane ber namnet Fossegrimen, men han er også kjend under namnet Asgjerd. Anders Kjerland (1900–1989) frå Granvin meinte at Haugerud hadde lært slåtten hjå Ola Mosafinn. I den utbygde forma til Haugerud kalla han gangaren for Fossegrimen etter Ola Mosafinn. Forma Gjermund spelar her er i Myllar-tradisjon.

03. **Springar etter Myllarguten** (1954)

Her finst det ikkje opplysningar om kvar Gjermund hadde slåtten ifrå, men truleg i Løndals-tradisjon.

04. **Han dryfte godt spele Knut, gangar** (1948)

Knut Dahle på Tinn hadde lært ein gangar av Hans Hellos frå Bø. So trefte han Håvard Gibøen, som også lærde denne gangaren. Men Håvard kunne same gangaren i form etter Knut Lurås, og så sa han: «Å, han dryfta godt spele, Knut.»

05. **Bokkoen, springar** (1954)

Øystein Bokko var husmann og skulle ha vore ein god spelemann. Knut Lurås sa det slik: «Hadde e hatt Bokko bogie og Leikanrud fingra, då skulle e vore spelemann då». «Å, me må no burt i Bokkonrikjan' att someti». Håvard Gibøen sa det slik: «Han va'kje klen spelemann Øystein Bokko». Ei herme etter Bokkoen lyder så: «Jentun si at Bokko'n lyg, Bokko'n si at jentun lyg».

Knut Dahle var i USA frå 1896–1900, og spela for folk, både på konserter, og i mindre lag, som han lika best. «Ein gong spela han nyttårsfest hjå Torstein Væsén. Der var mange tinndølar. Knut spela, og dei dansa tinndoldans. Utpå natta spela Knut ein springar dei kalle Bokkoen. Da vart Herbjørn Hovinbøle så oppglødd at han kasta støvlane og ropa: – Å spel den føle! Han hugsa ikkje namnet på slåt-



Gjermund Haugen vann Landskappleiken: 1936 Notodden, 1937 Hop, 1946 Notodden, 1947 Voss, 1949 Bø, 1950 Nesbyen, 1952 Bergen, 1953 Oslo. Fotograf ukjent, utlånt av Gunnar Haugen.

ten. Den staute karen med grått heilskjegg svinga seg i dansen som ein ungdom».

06. **Springar etter Lars Fykerud** (1954)

Slåtten har fått namnet etter virtuosen sjølv, Lars Fykerud (1860–1902). Han var ein nybrottsmann i felespelet, gjekk nye vegar i musikken og fekk både ros og ris for det. Ein villmann og reformator i spel, og ein spel som fekk stor innverknad på slåttemusikken i Telemark. Han hadde utferdstrong og reiste til Amerika i håp om å gjera lykke der borte også, og pengar. Det gjekk godt i starten, men han vende nok heim att til gamlelandet fattigare enn då han reiste bort. Det var ikkje det materielle som betydde mest for Lars, men meir det åndelege og musikken. Etter eit til dels hardt liv enda han sine dagar alt i 1902, berre 42 år gammal. Det var tæring som gjorde at han enda livet i så ung alder, men Fykeruden står likevel som ein av bautaene i norsk hardingfellespel.

07. **Tinnemannen, gangar** (1954)

Slåtten bar opprinnelig namnet «Sirlaren», men fekk seinare namn etter Ole Ellefsen Sem (d. 1805) som gifta seg til Tinne gard. Ole, som var lensmann, var soneson av Ole Olsen Hovdejord (folk trur det var han som vart kalla «Tinnemann»).

Felene Gjermund brukte var alle laga av Olaf G. Helland (1875–1946): *Huldrejenta* (1932), *Fjellmøy* (1941) og her *Trettefela* (1945).

08. **Heiloen, gangar** (1956)

Kanskje den mest påkåta slåtten Gjermund har gjort innspeling av. Stemninga i slåtten og utføringa gjev eit godt bilet av mennesket Gjermund, og kva han makta å gjje av innhald i slåtten. Dei såre tonane til fuglen heiloen, tly – sorgmodig og mollstembt – akkurat som i slåtten. Dette er ein sjeldan godbit av ein slått, og kjær for mange. Johannes Dahle fortel:

– Det var Ole O. Dalen som sette nærm på den. Det va nor i Skårevåten, på reinsjakt. Den hausten hadde'n felv mæ'. Så va det ein dag me var nordpå o så ette rein, men me såg no ikkje noko. Me høyrdet vel berre heilo'n, trur e. Dæ va lite rein i den tæ. Hugsa me kom att ved frettet om dagen, å då me kom inn i buæ, sa Ola dæ att:

– No må du ta fela mæ e koka kaffi. Så sette'n seg borte med pisten te å elde. Eg tok fela o sette mæ bortpå krakken og spøla fyss ein lätt. Så spurd'n om e hadde namn på'n.

– Nei, sa e, me kalla'n ein Håvardgangar, det e'kje namn på'n.
– Ja, da vil me kall'n Heilo'n

09. Urjen, springar (1953)

Det er vel ikkje mykje gale sagt om ein hevdar at denne slåtten var bravurnummet til Gjermund. Her kjem det musikalske naturtalentet Gjermund var til fullt uttrykk. Slåtten er i Olav Groven-tradisjon.

Det passar å koma med ei historie når slåtten Urjen skal spelast. Det var på landskappleiken i Bø i 1949, og ein av dei som fekk oppleva den framføringa var ven og læresvein av Gjermund, Knut Myrann frå Nore i Numedal, busett på Nesbyen. Knut fortel: – Eg var så heldig og fekk vera med på den kappleiken. Det var ei musikalsk oppleveling utan sidestykke med Gjermund Haugen. Eg ser han føre meg den dag i dag der han kjem fram på scenen. Stillfarande og stilig. Set seg ned på stolen og stemmer fela. Han skal spela Urjen.

– Eg synes eg hører tonen og dei fina basstrøka, med ein lang, saftig boge. Men så sit han ikkje lenge, men reiser seg opp, finn balansen, og så er det heile i gang. Han spelar slik at eg trudde bror min lugga meg i nakken, men det gjorde han ikkje. Det var håret som reiste seg på nakken på meg. Det var ikkje innbilning. Eg var borte hjå Gjermund mange gonger etter dette, og han sier då at eg skal få sjå eit brev han hadde fått frå Sverre Groven, bror til Olav Groven, og det seier ikkje så lite.

– Der les eg at Sverre takkar for spelet i Bø, og han seier vidare: «Eg har ikkje hørt Urjen vorten spelar slik sidan bror min Olav spela han». – Det sa i grunnen alt når Gjermund blei samanlikna med Olav. Gjermund blei stolt, og eg trur han kunne ha bore brevet på brystkassa. Det brevet har eg lese eigenhendig, så det er ikkje noko oppspinn, og det var eit stort øyeblikk.

10. Naparen, springar (1961)

Springar etter spelemannen Olav Gunnarson Napper (f. 1833), Fyrisdal. Det er sagt at Lars Fykerud diktta slåtten. Dei fyrtste taka i slåtten minner om springaren Vegglijenta.

Olav G. Napper (Naparen) var skreddar av yrke, dreiv som tømmerhoggar, men hadde fela og felespel i lyd og lag som attänning. Han hadde mykje kontakt med Myllaren og dei hadde stor respekt for kvarandre. Ei gong dei kappspela gjekk Myllaren på tunet medan Napparen spelte:

– Jammen spelar han godt, men han skal til for meg, sa Myllaren. I 1867 reiste Naparen og familien over til USA. Der møtte han mange andre kjende spelemenn som Smedals-brørne, Anders Øygarden frå Numedal, Lars Fykerud, Olav Moe frå Valdres og Guldbrand Skjellerud frå Nore/Nes. Etter utsagn frå Lars Fykerud var det berre ein som kunne måla seg med han som spelemann og det var Napparen. Olav Napper enda sine dager der borte.

11. Jørannatten, springar av Torkjell Haugerud (1961)

Ein slått Gjermund har sett sitt tydelege preg på. Det er ein av komposisjonane til Torkjell Haugerud, og i følgje komponisten sjølv var det Nils Stubberud (1921–1996) frå Sigdal, som var elev og dreng hjå Haugerud, som var den første til å læra denne slåtten.

12. Signe Ulladalens, springar (1961)

Ein slått i Håvard Gibøen-tradisjon. Eit anna namn på slåtten er Gregar Sagje.

Signe var utifrå ven og ho hadde mange friarar, men ho valde husmannsguten frå Kvildal. Det skal ha vore ein staut mann. Han tente i

Ulladalens då han vart kjend med Signe. Han var flink spelemann og spelte ofte til dans og brudlaup. Signe var god til å syngje. Ho var sterkt, og det kom vel med for Ulladalens hadde ein lang og tung sjøraveg. Det vart fortalt at Signe bar stundom ei vett næver (54 kg) fram til Vadla i Jøsenfjorden (1–2 mil) og attende rusla ho med ei halv tønne korn i børatauget.

13. Gjermund Haugen annonserer Tårân i Troppine (1963)

14. Tårân i Troppine, lydarslått av Torkjell Haugerud (1963)

Tårân i Troppine er eit sagn om trollkjerringa Tårân som er ei av gyrgrene i bygdediktaren Sigurd Nes sin diktsyklus «Draum». Diktsyklusen inspirerte også svigersonen hans, Torkjell Haugerud, til å lage tre lydarslåttar. Det blir sagt å vera noko av det beste Haugerud har komponert.

Sigurd Nes var bror til Jørund Telnes som blant anna skrev om Guro Heddelid. Syklusen handler om dei tre trollkjerringane Tårånn, Glima og Ljose-Signe, som heldt til i fjella Skorve, Mælefjell og Bindingsnuten og deira møte med kristendommen. Gyrgrene blir dregen mellom det gamle og den nye tid, ei står fast, ei giev opp og ei tek i mot det nye.

15. Kirken den er et gammelt hus, salmetone (1963)

Melodi: Ludvig M. Lindeman 1840
Salmetone Gjermund nyttar mykje i samaband med kyrkjeskonserter. Han nyttar same felestille som på Tårân i Troppine (c-e-a-e).

16. Luråsen II, gangar (1972)

Kjend og kjær slått i Knut Lurås-tradisjon, og Gjermund gjorde slåtten til eitt av glansnummera sine. Det er tre av desse Luråsslåttane som går under namnet Luråsen I, II og III. Parallelslåttar er Langedragen I, II og III, i tradisjon etter Øystein Langedrag (1786–1848) frå Seljord. Han levde samstundes med Luråsen og var den forrige spelemannen i Telemark på den tida, saman med Knut Lurås.

Langedragen hadde mykje av spelet sitt etter Jon Kjos (1754–1826) frå Åmotdsdal, men han tok også inn nye impulsar i telemarkspelet. Han var med i Napoleonkrigene (1807–1814) og det er ikkje usannsynleg at han der fekk høyrta militærmusikk, som han då vart farga av. Langedragen vert rekna for den som førde bruremarsj-tradisjonen inn i hardingfelespelet i Telemark.

Oppaket vart gjort i samband med minnekilden om Myllarguten og Håvard Gibøen i Universitetets aula i Oslo den 23. november 1972. Olav Fjalestad var organisator og programleiar og den store drivkrafta baik arrangementet. Aktørene på denne minnemarkeringen var Laget for folkemusikk i Oslo, Magne Manheim, Gisle Straume, Gjermund Haugen, Eivind Øygarden, Tarjei Romteit, Jens Amundsen, Einar Løndal, Eivind Groven, Gunnar Dahle, Olav Øyaland, Kjetil Løndal, Maria Høgetveit Berg, Aslak Høgetveit, Øystein Kostveit, Hans W. Brimi, Anders Kjerland, Odd Bakkerud, Torleiv Bolstad, Sigbjørn Bernhoff Osa og Knut Buen.

17. Rosa, lydarslått etter Lars Fykerud (1975)

Ein av dei mest kjende og kjære slåttane i utforming etter Lars Fykerud (1860–1902). Det finst to slåttar i tradisjon etter Lars Fykerud med namnet rosa i seg. Det er lydarslåtten Gjermund spelar her og springaren Fjellrosa.

18. Huldre-møyane dansar, reinlender av Gjermund Haugen (1975)

Unekteleg det vare og myuke, det flymende og drøymande, som er særmerket her, som i neste slått, Tjønneblomen. Felestillet er nedstilt bass (g-d-a-e).

19. Gjermund Haugen annonserer Tjønneblomen (1975)**20. Tjønneblomen, vals av Gjermund Haugen** (1975)

Melodien har festa seg i hjarta hjå mange av dei som har spelet til denne kunstnaren så kjært. Så inderleg, sårt og vemodig, men likevel lys i tonen, og som Gjermund sjølv seier det: «I tanken må vi vera i skogen, ved ei tjønn, der dei gvitte (kvite), reine tjønneblomane voggar seg i småbølgjene og åpnar seg opp mot himmelen». Felestillet er nedstilt bass (g-d-a-e).

/Bjørn Laupsa-Borge

KJELDER:

Braaten, Halvor: Lars Fykerud. Hans liv og kunstnargivnad. Notodden 1939 – nyutgåve Skien 1979

Haugan, Anne Svånaug: Takt og tonar. Soga om folkemusikken og folkedansen i Numedal. Folkemusikkssenteret i Buskerud, 2011

Norsk folkemusikk, serie I–VII – Hardingfeleslåttar

Hardingfeletradisjonen og spelemenn i Fyrisdal. Masteroppgåve i musikkvitenskap av Merethe Jørgensdottir Reinskås. UiO 2008

Knut Buen: Som gofa spølå – Rupesekken forlag 1983

www.seljordportalen.no

nn.wikipedia.org

OM OPPTAKA:

Opptak ved Steinar Kyvik, NRK:

Spor 01: Spelemannskappleik i Oslo, 14.08.1948.

Spor 02 og 04: Studio, Oslo, 23.09.1948.

Opptak ved Rolf Myklebust, NRK:

Spor 03 og 05: Studio, Oslo, 29.03.1954.

Spor 06–07: Studio, Oslo, 31.03.1954.

Spor 08: Festspillkappleiken i Bergen, 1956. Kopi utlånt av Agder folkemusikkarkiv.

Spor 09: Landskappleiken i Oslo, 1953. Kopi utlånt av Gunnar Haugen.

Spor 13–15: Notodden kirke, 22.06.1963.

Spor 16: Universitetets aula, Oslo, 23.11.1972.

Opptak ved Geirr Tveitt, NRK:

Spor 10–12: Festsalen i Heradshuset på Voss, 07.05.1961.

Opptak ved Kåre Eikeland, NRK:

Spor 17–20: Troldhaugen, 12.06.1975.

GJERMUND HAUGEN (1914–1976)

Gjermund Haugen was born in Notodden 7th November 1914 and died 25th September 1976, came from a long line of folk musicians. At the age of thirteen he had already started playing, learning most of skills from his dad. Later on his influence came primarily from Svein Løndal, Torkjell Haugerud and Johannes and Gunnar Dahl.

In tone and performance he took inspiration from the characteristic Fykerud style of play. He had his special debut, due to his age and talent, in 1928 at just fourteen years of age.

Several of those in the audience saw his talent and urged him to persist with his playing. From 1931 and on he entered into countless of similar competitions, and to this day is the fiddle player with the most first prizes at Landskappleiken of all time. He holds the Mullagytmedalja in both silver and gold, the Fykerupris, and the Festspillprisen, hosted in Bergen.

Gjermund managed to live of the music, receiving a grant from the federal government given to prominent musicians and artists (Statens Kunstrerlønn), along with other stipends.

In addition to his private recordings there are 70 recordings in NRK's archives containing Gjermund's work. 18 recordings of his music was released, along with the cassette "Gjermund Haugen – hardingfele" released by Buen Kulutverksted in 1985.

His knowledge of tunes was not formidable compared to his peers, but according to those he played alongside, he played the ones he knew very well. For instance, the self-composed works *Tjønneblomen* and *Huldremayane dansar*.

He performed at Festspillene in Bergen on two occasions. This suited him very well; being a concert fiddle player he was here able to explore his music in very creative, artistic surroundings.

The competitive scene posed special challenges to Gjermund, which he loved. The same has to be said for the venue itself. And the more people who attended, the more he enjoyed himself. Performing famous hymns on the fiddle, he was one of the first to play the instrument in a church. He also did several tours, both in Norway and abroad, travelling to Sweden, Denmark, England and Scotland.

MEETING WITH THE MASTER

On one of the last days of winter in 1972 I mustered up the courage and ascended the hills from Tinnemosen up to Anundskås where Gjermund Haugen lived. I knew him only by reputation; deeply liked across Numedal, where many also knew him well. On several occasions he spent time at Bekkejorden at Tov and Vihild Haukjem's residence. Tov told many tales of Gjermund and held him in high regards as a fiddle player. Tov also taught Gjermund *Tømmerkjøraren*, a springer.

Back to 1972 we go. It was my first year at university towards a teacher degree. I had seen Gjermund around town and really wanted to go see him. And there I was, at his door, knocking. The door crept slowly open, and after the customary greetings and introductions the master suddenly erupts "You better get on in here". Into the kitchen we

go. Pragmatic, nothing fancy. Clean and tidy, but the essence of bachelorthood was as present as flowers and decorations was absent.

"It just how I've had it since mom passed away", he excused himself. I did not mind. To me it was like stepping into a cathedral. The musical anticipation was in the air, and it came to full fruition when he brought out his fiddle and played a short tune. Of the living room decoration I remember little: a casket covered in a piece of cloth, a picture of a young fiddle player on the wall. And a grandfather clock somewhere, keeping pace and time as the hours went by.

And of course, the fiddle cases on the table. The master brought them out one by one, explained and touted. All at the hands of Olaf Helland.

"So you are a fiddle player, yourself?" Well, I had a fiddle, and knew a few tunes, but to claim the title of fiddle player in this cathedral, never.

"Don't you recognize me?" he asked as I pointed to the picture on the wall. "I was nineteen at the time. The photographer tried to bring out a dreamy look in my eyes." Of course it was he, the one and only, there in 1933, only three years before he won his first Landskappleik.

He eventually made his way over to the casket, opened the lid and lifted up an object wrapped in white cloth. It was the Kongepokalen (an award given on top of the gold medal). Clearly proud, he shared stories of the two wins him and Eivind Mo both managed to collect up to that point. With this third win, the Kongepokalen was his to keep indefinitely (with one or two wins you only hold the Kongepokalen for one year). His admiration for Mo was unquestionable, one could easily tell. He carried on, proud still, sharing the tale of when it became his for keeps – a crowning moment of his career.

The competitive scene and concert halls were Gjermund's arena. Here, where the fiddle could do the talking, he was able to convey the aspects he loved the most; the dream-like, the gentle, the romantic. He stood above all. To me, Gjermund Haugen was the Beethoven of folk music. Beethoven, who lifted the music from the craftsmanship of classicism into romanticism, is regarded as the first artist of his kind. One could find the same bravery in Gjermund Haugen, with his unmistakable beret and white gloves on stage. He knew people talked about him, but he enjoyed that. Today they would say he was a freak. I heard many mock Gjermund for these accessories, but to me they made him even greater. Imagine the courage and self-awareness!

In 1973, the dance group at our university set up a concert with Gjermund and Sigbjørn B. Osa. A big happening it most certainly was. Both would host concerts for students and teachers during the day, while keeping the doors open to everyone at night. Sigbjørn stayed at Gjermund's house, while I was put in charge of driving the men back and forth.

When I arrived at the house to bring them in for the evening concert I got a musical experience I will never forget. The fiddle music floated out into the evening sky, filling the air around the premises. I made my way in, as nobody answered my knocks at the door.



Johannes Evensen. Eleven som lærte mest slåttespel av Gjermund. Fotograf ukjent, utlånt av Eivind Bakka.

Johannes Evensen. The student who learned the most tunes/songs/songs to play from Gjermund Haugen.

There, in the living room, the two masters strode around playing a tune called *Håvard Hedde waltz*. Together, yet separate, each in their own world. Sigbjørn added undertones while Gjermund forcefully played the gentle strokes. Nobody noticed me entering the room. After they finished they explained that they had, together, created this tune once upon a time. Sigbjørn showed me a few, rare, double-grips, and it felt like I learned that waltz that night.

That evening we saw two very different characters on stage. Both accustomed to being on stage. Both with great gifts of portraiture. Yet very different all the same.

Ensuing came the fiddle class at Tinnemosen school, where many of us had one-on-one sessions with Gjermund. I remember trying to learn *Gvannesen*, a gangar. Gjermund had some magnificent stroke in this gangar, and I uttered, "These strokes of yours, I'm never going to master". "That might be the case", he replied.

I visited Anundskås several times. One Sunday I came by he seemed restless. For some reason he insisted on being silent when the church bells rang. He believed there were powers out there, out of our control. He also seemed to believe the house was haunted, he explained to me. In these situations, when he became distant and mindful, the asthma that affected his voice became more pronounced.

He shared with me that he often went to visit people on the other side of the valley, known as Sætresida. There, when the church bells rang, he had to step outside and gaze home to make sure his mom was all right, home alone on the other side.

He talked a lot about his mother, who meant a lot to him. "Everything changed when mother passed", he often said.

Gjermund shared that he felt the asthma had robbed him of many things in life. He had wished for many things he was forced to give up on. It's been said that while his peers growing up were out playing, Gjermund stayed in and practiced. They could hear the music flowing out of the windows where he sat and played.

I like to think I became friends with Gjermund over these years. It was always a good time to stop by. But he didn't play a lot. Little strokes here and there, sometimes several tunes, but never an abundance. A one-person audience was maybe not enough for the master.

The spring of 1974, when he was to perform at Festspillene in Bergen, became a special one. He was set to play tunes from "Norske slåtter" by Grieg, alongside Einar Steen Nøkleberg. Myllargutens wedding march would pose a challenge. Knut Dahle's format was the chosen style of play, and it was only found on pathéfon (an old megaphone). He managed to procure a monster of a device. I remember him sticking his head into the horn, the sound being weak. I thought it was strange to see the master in this position. White shirt, as usual, suspenders clipped on his pants – now patched at the seam to keep up the master – sitting in full concentration, oblivious to all sounds but his own.

Suddenly he reappeared from the mouth of the horn. He walked back over to the fiddle, shaking his head, before returning, diving back into the mouth of the sound. The master was finally happy, and I was taught its style of play.

Then the time came for him to play from his own repertoire. He had

a bit of a struggle finding the right sound to send off to the pianist accompanying him on stage. The frustration grew in him, as he was unable to get the right equipment, which would provide just the tone he preferred. Into town he went to get tape recorders, only to return shortly after as none seem to be up to his standards. One time I drove him to the store and joined him as he went in. He was in a bad and irritated mood, blaming the clerk and telling him abruptly, "It sounds like there is butter on the tape recorder".

The last time I saw Gjermund Haugen was at Landskappleiken in Bø in 1975.

/Even Træn

When one presents tunes with Gjermund Haugen, it's key to remember the distinct flare surrounding the name of this master of the fiddle. More than most, Gjermund had a special gift of touching the deepest depths of people's hearts. The soft and flowing nature of his style of play gripped the audience. The personal touch Gjermund put on the tunes he played is what captivated the audience, and he always managed to perform his outmost when he was on stage.

01. Markensmåndagen, springar (02:29)
02. Fossegrimen, gangar (03:46)
03. Springar etter Myllarguten (02:06)
04. Han dryfte godt spelet Knut, gangar (02:57)
05. Bokkoen, springar (03:31)
06. Springar etter Lars Fykerud (03:14)
07. Tinnemannen, gangar (01:43)
08. Heiloen, gangar (04:07)
09. Urjen, springar (04:26)
10. Naparen, springar (02:20)
11. Jørannatten, springar av Torkjell Haugerud (04:42)
12. Signe Ulladalen, springar (03:29)
13. Gjermund Haugen annonserer Tårån i Troppine (00:05)
14. Tårån i Troppine, lydarslått av Torkjell Haugerud (03:52)
15. Kirken den er et gammelt hus, salmetone (02:17)
16. Luråsen II, gangar (04:11)
17. Rosa, lydarslått etter Lars Fykerud (03:46)
18. Huldemøyane dansar, reinlender av Gjermund Haugen (03:41)
19. Gjermund Haugen annonserer Tjønneblomen (00:27)
20. Tjønneblomen, vals av Gjermund Haugen (03:35)

(total 60:56)